

Til:

Kommune, fylke, og stat, aktuelle grunnleigerar og naboar


Plan ID: 20230001

Arkivsak ID: 2000

Ulsteinvik, 23.05.2023

## Varsel om detaljregulering – Sportshall Hasundgot IL

I samsvar med plan- og bygningslova § 12-8, og løyve gjeve i møte i teknisk utval 11.05.23, blir det varsla oppstart av arbeid med detaljregulering for Sportshall Hasundgot IL, planID 20230001. Området er ca. 22,4 daa og avgrensa som vist i kart nedanfor.



Forslagsstillar er Hasundgot IL v/ Thorstein Otto Viseth tlf. +47 01 24 68. E-post: tov@jets.no

Planområdet er lokalisert på Dimna, sørvest for Hasundgot stadion. Hensikta med planen er å gje planrammer for etablering av sportshall. Sportshallen planleggast etablert i tilknytning til stadionanlegget til Hasundgot IL, på gnr. 29, bnr. 1, 8.

Nordvestleg del av planområdet er omfatta av gjeldande kommuneplan med føremål offentleg eller privat tenesteyting, OP103. Øvrig del av planområdet er regulert til køyreveg og anlegg for idrett og sport.

Etter vedtak i teknisk utval er planområdet utvida for også å regulere fortau langs Gjerdsbakkvegen. Planavgrensinga kan verte endra dersom kommunestyret gjer vedtak om at ny kommunal barnehage i Hasund krins skal byggast i Gjerdsbakkane. Det er ikkje stilt krav om konsekvensutgreiing.

Vedlagt planinitiativ og ROS-analyse omtalar planområdet som var lagt til grunn ved oppstartsmøtet, og er ikkje justert etter vedtak om utvida planområde i teknisk utval. Heile planområdet vil verte utgreidd og omtalt i planomtalen når det er gjort kommunalt vedtak om lokalisering av ny barnehage, og planavgrensinga er endeleg avklart.

Ytterlegare opplysningar om planen kan fåast hjå Sporstøl Arkitekter AS. Naboar, grunneigarar og høyringsinstansar vert varsla direkte. Varslingsdokument er tilgjengeleg for nedlasting på [www.sporstol.no](http://www.sporstol.no) under fane «Aktuelt», og på Ulstein kommune si heimeside.

Innspel til planarbeidet bes sendt skriftleg til plankonsulent:

Sporstøl Arkitekter AS - boks 301 - 6067 Ulsteinvik

E-post: [silje@sporstol.no](mailto:silje@sporstol.no) - Tlf.: 700 18 550

**Frist for innspel er 26.06.2023**

Med helsing

**Silje Skaro**  
Arkitekt

### **Vedlegg**

V0 Planinitiativ Sportshall Hasundgot IL datert 10.02.23

V1 Planavgrensing datert 19.05.23

V2 Sjekkliste - ROS datert 10.02.23

V3 Referat frå oppstartsmøte 31.03.23

V4 Teknisk utval - vedtak om oppstart av planarbeid 11.05.23

V5 Oversiktskart

V6 Sportshall Hasundgot IL - varsla høyringspartar